

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: 1. etg., Samfunnshuset i Volda
Dato: 17.12.2015
Tid: 14:00

Faste medlemmer som møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|----------------------------|-----------|---------------|
| Jørgen Amdam | Leiar | AP |
| Fride Schjølberg Sortehaug | Nestleiar | V |
| Hild Våge | Medlem | AP |
| Magnar Sunde | Medlem | AP |
| Margrete Trovåg | Medlem | AP |
| Uthman Abu Harbid | Medlem | AP |
| Bjørn Ytrestøyl | Medlem | AP |
| Roald Arnold Espset | Medlem | FRP |
| Sindre Kvangarsnes | Medlem | FRP |
| Dan Helge Bjørneset | Medlem | H |
| Per Svein Krøvel | Medlem | H |
| Margrete Bjerkvik | Medlem | KRF |
| Henning Holsvik | Medlem | KRF |
| Erlend Koppen | Medlem | KRF |
| Erlend Krumsvik | Medlem | KRF |
| Øyvind Festø | Medlem | MDG |
| Odd Harald Sundal | Medlem | SP |
| Sølvi Dimmen | Medlem | SP |
| Rebecca Riise Bjerknes | Medlem | SP |
| Gunnar Strøm | Medlem | SV |
| Åshild Vik | Medlem | SV |
| Benedikte Holmberg | Medlem | V |

Faste medlemmer som ikkje møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---------------------|----------|---------------|
| Odd Arne Folkestad | Medlem | FRP |
| Sindre Rotevatn | Medlem | H |
| Arild Iversen | Medlem | KRF |
| Anders Egil Straume | Medlem | KRF |
| Jon Georg Dale | Medlem | FRP |

Varamedlemer som møte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|-----------------------|---------------------|---------------|
| Edvin Dale | Odd Arne Folkestad | FRP |
| Harald Ola Søvik | Jon Georg Dale | FRP |
| Ivar-Otto Kristiansen | Sindre Rotevatn | H |
| Magny Astrid Fylling | Arild Iversen | KRF |
| Kjell Petter Wiik | Anders Egil Straume | KRF |

Frå administrasjonen møte:

| Namn | Stilling |
|---------------|---------------------------------------|
| Rune Sjørgard | Rådmann |
| Henrik Skovly | Økonomisjef - sak PS 145/15 og 152/15 |

Det var 27 røysteføre til stades ved møtestart.

Erlend Koppen fekk permisjon og gjekk kl. 18:10 under handsaming av sak PS 152/15.

Åshild Vik fekk permisjon og gjekk kl. 19:40 etter handsaming av sak PS 153/15.

SAKLISTE

| Saksnr. | Sak |
|----------------|---|
| PS 143/15 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| PS 144/15 | Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte |
| PS 145/15 | Korrigering av budsjett 2. halvår 2015 |
| PS 146/15 | Gebysatsar for tenester etter plan- og bygningslova, matrikkellova og lov om eigarseksjonar |
| PS 147/15 | Betalingssatsar i SFO, kulturskule og barnehagar 2016 |
| PS 148/15 | Avfallsgebyr 2016 |
| PS 149/15 | Betalingssatsar for meklarpakkar/eigedomsopplysningar 2016 |
| PS 150/15 | Gebyr for vatn og kloakk 2016 |
| PS 151/15 | Endring av betalingsatsar for helse- og omsorgstenester |
| PS 154/15 | Spørsmål knytt til funksjon som ordførar |
| PS 152/15 | Årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019 |
| PS 153/15 | Voldsfjordskryssing - bruselskap |
| PS 155/15 | Møteplan for politiske møte 2016 |
| PS 156/15 | ORIENTERINGSSAKER |
| OS 41/15 | Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet den 04.11.2015 |
| OS 42/15 | Retting av protokoll - sak PS 7/15 i valnemnda - klagenemnd for eigedomsskatt - endringar i samansetjing |
| OS 43/15 | Informasjon om forsøk med statleg finansiering av omsorgstenestene |

PS 157/15 **DELEGERTE SAKER FRÅ AVDELINGANE**

| | |
|-----------|---|
| DS 237/15 | Løyve til tiltak, fylling og flytebrygge Gbr 131/7 |
| DS 238/15 | Løyve til endring Gbr 30/430 |
| DS 239/15 | Ferdigattest Gbr 20/79 |
| DS 240/15 | Ferdigattest, tomannsbustad Gbr 20/552 |
| DS 241/15 | Ferdigattest, bruksendring gbr 29/43 |
| DS 242/15 | Mellombels bruksløyve Gbr 15/16/0/7 |
| DS 243/15 | Ferdigattest, ombygging Gbr 19/397 |
| DS 244/15 | Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 26/3 |
| DS 245/15 | Løyve til tiltak, materiallager Gbr 38/2 |
| DS 246/15 | Løyve til tiltak, garasje og ombygging Gbr 30/432 |
| DS 247/15 | Igangsettingsløyve Gbr 15/16 |
| DS 248/15 | Ferdigattest, innreiing av loft Gbr 30/369/0/12 |
| DS 249/15 | Ferdigattest, firmannsbustad Gbr 152/59 |

Utdeling av Innovasjonsprisen

Ordføraren delte ut Innovasjonsprisen for 2015, kr. 20.000, til helsestasjonen for prosjektet "Mat for betre helse". Leiar for helsestasjonen Anne Årsnes Skrede takka for prisen.

Musikkinnslag

Før møtet vart sett var det song ved Sara Krumsvik frå kulturskulen. Lærar Tone Rustustuen ved pianoet.

Gratulasjon

Ordføraren foreslo at kommunestyret skulle gratulere kommunestyrerepresentant Jon Georg Dale som ny landbruksminister. Dette vart vedtatt med applaus.

PS 143/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling

Innkalling med sakliste vart lagt ut på lesebretta og publisert på heimesida den 10.12.15.

Røysting:

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

Ordføreren sa at møtet var lovleg sett.

Sakliste

Ordføreren kom med framlegg om at sak PS 154/15 skulle handsamast før sak PS 152/15.

Han ville orientere om

- Møtet med statsråd Høie den 15.12.15
- Brev frå Gode Vegar AS av 15.12.15
- Forhandlingsmøte den 17.12.15 med Statens vegvesen om strekninga Hunnes - Vatne

Røysting:

Saklista med tillegga og endringa frå ordføreren vart samrøystes vedteken.

Dokument lagt ut på lesebretta den 16.12.15:

Dokumenta er vedlegg til sak PS 152/15 - Årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019.

- Epost av 11.12.15 frå Ørsta kommune med vedtak i Ørsta kommunestyre vedk. løyvde midlar til realisering av Torvmyrvegen
- Notat frå Ørsta Næringskontor - referat frå status- og strategimøte for Torvmyrvegen den 07.12.15
- Brev datert 13.12.15 frå Vikebygda grendautval

Utdelte dokument på møtet:

Brev datert 15.12.15 frå Gode Vegar AS med innbyding til å kunne inngå samarbeid mellom Volda kommune og Gode Vegar AS

På slutten av møtet hadde ordføreren desse orienteringane:

- Ordføreren refererte frå møtet med statsråd Høie den 15.12.15 vedk. akuttkirurgien ved Volda sjukehus. Ordførarar frå Nordfjord, Stranda og Søre Sunnmøre var til stades.
- Brev frå Gode Vegar AS av 15.12.15 med innbyding til å kunne inngå samarbeid mellom Volda kommune og Gode Vegar AS. Saka vert å kome attende til over nyttår.
- Ordføreren refererte frå forhandlingsmøte den 17.12.15 med Statens vegvesen om strekninga Hunnes - Vatne i lag med repr. frå Ørsta kommune.

PS 144/15 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:**Røysting:**

Møteprotokollen frå førre møte den 16.11.15 vart samrøystes godkjent.

PS 145/15 Korrigering av budsjett 2. halvår 2015**Tilråding i formannskapet - 08.12.2015 til kommunestyret:**

1. *Budsjettert rammetilskott vert auka med kr. 808 000.*
2. *Budsjettramma til Opplæring og oppvekst vert redusert med 2,5 mill kr.*
3. *Budsjetterte utgifter til NAV vert auka med kr.500.000*
4. *Budsjettramma til Helse og omsorg vert auka med 7,5 mill kr.*
5. *Budsjettramma til Økonomistaben vert redusert med kr. 450 000.*
6. *Budsjettert avkastning på plasseringar vert redusert med kr. 900 000.*
7. *Budsjetterte renteutgifter til Startlån vert auka med kr. 700 000.*
8. *Renteinntekter frå Startlån vert auka med kr. 450 000.*
9. *Integreringstilskotet vert auka med kr. 4 745 000.*
10. *Rentekompensasjon for investering i skulebygg vert redusert med kr. 240 000.*
11. *Rentekompensasjon for investering i skulebygg vert redusert med kr. 63 000.*
12. *Vertkommunetilskot og tilskot for einslege mindreårige (EMI) vert auka med til saman kr 463.000.*
13. *Budsjetterte inntekter frå eigedomsskatt vert auka med 0,5 mill kr.*
14. *Avskrivningar (utgift) vert auka frå 21.250.000 til 30.733.000.*
15. *Avskrivningar (inntekt) vert auka frå 21.250.000 til 30.733.000.*
16. *Momskompensasjon drift (utgift) vert sett til 11 mill kr.*
17. *Momskompensasjon drift (inntekt) vert sett til 11 mill kr.*
18. *Amortiseringa av tidlegare års premieavvik vert auka med kr 913.000 til kr. 6.539.000.*
19. *Det vert budsjettert med eit negativt premieavvik for 2015 på 4 mill kr.*

20. Budsjettert innbetalt pensjonspremie vert redusert med 4,9 mill kr

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 17.12.2015

- 1. Budsjettert rammetilskott vert auka med kr. 808 000.*
- 2. Budsjettramma til Opplæring og oppvekst vert redusert med 2,5 mill kr.*
- 3. Budsjetterte utgifter til NAV vert auka med kr.500.000*
- 4. Budsjettramma til Helse og omsorg vert auka med 7,5 mill kr.*
- 5. Budsjettramma til Økonomistaben vert redusert med kr. 450 000.*
- 6. Budsjettert avkastning på plasseringar vert redusert med kr. 900 000.*
- 7. Budsjetterte renteutgifter til Startlån vert auka med kr. 700 000.*
- 8. Renteinntekter frå Startlån vert auka med kr. 450 000.*
- 9. Integreringstilskotet vert auka med kr. 4 745 000.*
- 10. Rentekompensasjon for investering i skulebygg vert redusert med kr. 240 000.*
- 11. Rentekompensasjon for investering i skulebygg vert redusert med kr. 63 000.*
- 12. Vertkommunetilskot og tilskot for einslege mindreårige (EMI) vert auka med til saman kr 463.000.*
- 13. Budsjetterte inntekter frå eigedomsskatt vert auka med 0,5 mill kr.*
- 14. Avskrivningar (utgift) vert auka frå 21.250.000 til 30.733.000.*
- 15. Avskrivningar (inntekt) vert auka frå 21.250.000 til 30.733.000.*
- 16. Momskompensasjon drift (utgift) vert sett til 11 mill kr.*
- 17. Momskompensasjon drift (inntekt) vert sett til 11 mill kr.*
- 18. Amortiseringa av tidlegare års premieavvik vert auka med kr 913.000 til kr. 6.539.000.*
- 19. Det vert budsjettert med eit negativt premieavvik for 2015 på 4 mill kr.*

20. Budsjettert innbetalt pensjonspremie vert redusert med 4,9 mill kr.

PS 146/15 Gebyrsatsar for tenester etter plan- og bygningslova, matrikkellova og lov om eigarseksjonar

Tilråding i formannskapet - 01.12.2015 til kommunestyret:

Prisar på tenester ved utviklingssektoren vert vedtekne som vist i vedlegget "Prisar på tenester for 2016, utviklingssektoren".

Heimel for vedtaket er Plan- og bygningslova § 33-1, Matrikkellova § 32, Matrikkelforskrifta § 16, Lov om eierseksjoner § 7 og Forskrift om gebyr for konsesjonsbehandling m.m.

Gebyrsatsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2016.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 17.12.2015

Prisar på tenester ved utviklingssektoren vert vedtekne som vist i vedlegget "Prisar på tenester for 2016, utviklingssektoren".

Heimel for vedtaket er Plan- og bygningslova § 33-1, Matrikkellova § 32, Matrikkelforskrifta § 16, Lov om eierseksjoner § 7 og Forskrift om gebyr for konsesjonsbehandling m.m.

Gebyrsatsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2016.

PS 147/15 Betalingssatsar i SFO, kulturskule og barnehagar 2016

Tilråding i formannskapet - 01.12.2015 til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek følgjande betalingssatsar:

1. Skulefritidsordningane

Betalingsatsar for skulefritidsordningane frå 01.08.2016:

| | | |
|---------------------------------------|-----------------------------|---------------------|
| <i>Sentrum: pr måned i 11 månader</i> | <i>: 1-3 dagar pr. veke</i> | <i>: kr 1 516,-</i> |
| | <i>: 4 dagar pr. veke</i> | <i>: kr 1 977,-</i> |
| | <i>: 5 dagar pr. veke</i> | <i>: kr 2 442,-</i> |

| | | |
|---------------------------|-----------------------------|-------------------|
| <i>Matpengar pr måned</i> | <i>: 1-3 dagar pr. veke</i> | <i>: kr 111,-</i> |
| | <i>: 4 dagar pr. veke</i> | <i>: kr 163,-</i> |

: 5 dagar pr. veke : kr 205,-

Dei andre krinsane: pr måned i 10 månader: 16 timar pr veke : kr 1 810,-
I skulefritidsordningar med avvikande opningstid vert betalinga utrekna i høve til prisen for 16 timars opningstid.

Enkelttimesatsen for alle skulefritidsordningane vert sett til kr 70,-.

For alle ordningane vert det gitt same syskenrabatt som i barnehagane.

Barn nr 2: 30%. Barn nr 3: 50%

Det vert ikkje gitt syskenrabatt mellom barnehage og SFO.

2. Volda kulturskule

Betalingssatsar for Volda kulturskule frå 01.08.2016:

Pr semester for undervisning individuelt og i smågrupper: kr 1700,-

Pr semester for instrumentleige : kr 250,-

Pr semester for materiell i kunstskulen : kr 250,-

Det vert gitt 25 % syskenmoderasjon for elev nr 2 og fleire.

Med verknad frå 01.08.2016 vert det innført 25 % moderasjon for instrument nr 2 og fleire for elevar som er påmeldt fleire instrument/disiplinar.

3. Barnehagane

Betalingssatsar for Mork, Engeset, Oppigarden, Sollia og Austeffjord barnehagar frå 01.01.2016 (med atterhald om at framlegg til statsbudsjettt vert vedteke i Stortinget):

Pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 2 655,-

Matpengar pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 350,-

Betalingssatsar for Folkestad og Lauvstad barnehagar frå 01.01.2016 (med atterhald om at framlegg til statsbudsjettt vert vedteke i Stortinget):

Pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 2 655,-

Pr. måned i 11 månader : 80 % plass – 4 dagar pr. veke: kr 2 480,-

Matpengar pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 350,-

Matpengar pr. måned i 11 månader : 80 % plass – 4 dagar pr. veke: kr 280,-

Syskerabatt for barn nr. 2: 30 % og for barn nr. 3: 50 %

Syskenrabatt gjeld for barnehageplass innanfor kommunen, og gjeld barnehageplass i både kommunal- og ikkje-kommunal barnehage.

Handsaming:

Røysting:

Pkt. 1 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 2 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 3 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 17.12.2015

Kommunestyret vedtek følgjande betalingssatsar:

1. Skulefritidsordningane

Betalingsssatsar for skulefritidsordningane frå 01.08.2016:

Sentrum: pr måned i 11 månader

| | |
|-----------------------------|---------------------|
| <i>: 1-3 dagar pr. veke</i> | <i>: kr 1 516,-</i> |
| <i>: 4 dagar pr. veke</i> | <i>: kr 1 977,-</i> |
| <i>: 5 dagar pr. veke</i> | <i>: kr 2 442,-</i> |

Matpengar pr måned

| | |
|-----------------------------|-------------------|
| <i>: 1-3 dagar pr. veke</i> | <i>: kr 111,-</i> |
| <i>: 4 dagar pr. veke</i> | <i>: kr 163,-</i> |
| <i>: 5 dagar pr. veke</i> | <i>: kr 205,-</i> |

Dei andre krinsane: pr måned i 10 månader: 16 timar pr veke : kr 1 810,-

I skulefritidsordningar med avvikande opningstid vert betalinga utrekna i høve til prisen for 16 timars opningstid.

Enkelttimesatsen for alle skulefritidsordningane vert sett til kr 70,-.

For alle ordningane vert det gitt same syskenrabatt som i barnehagane.

Barn nr 2: 30%. Barn nr 3: 50%

Det vert ikkje gitt syskenrabatt mellom barnehage og SFO.

2. Volda kulturskule

Betalingsssatsar for Volda kulturskule frå 01.08.2016:

Pr semester for undervisning individuelt og i smågrupper: kr 1700,-

Pr semester for instrumentleige : kr 250,-

Pr semester for materiell i kunstskulen : kr 250,-

*Det vert gitt 25 % syskenmoderasjon for elev nr 2 og fleire.
Med verknad frå 01.08.2016 vert det innført 25 % moderasjon for instrument nr 2 og fleire
for elevar som er påmeldt fleire instrument/disiplinar.*

3. Barnehagane

Betalingssatsar for Mork, Engeset, Oppigarden, Sollia og Austefjord barnehagar frå 01.01.2016 (med atterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):

*Pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 2 655,-
Matpengar pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 350,-*

***Betalingssatsar for Folkestad og Lauvstad barnehagar frå 01.01.2016
(med atterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):***

*Pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 2 655,-
Pr. måned i 11 månader : 80 % plass – 4 dagar pr. veke: kr 2 480,-*

*Matpengar pr. måned i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 350,-
Matpengar pr. måned i 11 månader : 80 % plass – 4 dagar pr. veke: kr 280,-*

Syskerabatt for barn nr. 2: 30 % og for barn nr. 3: 50 %

Syskenrabatt gjeld for barnehageplass innanfor kommunen, og gjeld barnehageplass i både kommunal- og ikkje-kommunal barnehage.

PS 148/15 Avfallsgebyr 2016

Tilråding i formannskapet - 01.12.2015 til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek å godkjenne justering av avfallsgebyr for 2016 i samsvar med vedlagte gebyrregulativ, datert 24.08.2015.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 17.12.2015

Kommunestyret vedtek å godkjenne justering av avfallsgebyr for 2016 i samsvar med vedlagte gebyrregulativ, datert 24.08.2015.

PS 149/15 Betalingsatsar for meklarpakkar/eigedomsopplysningar 2016

Tilråding i formannskapet - 01.12.2015 til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek fylgjande betalingssatsar for meklarpakkar/eigedomsopplysningar gjeldande frå 01.01.2016:

Leveringstid – arbeidsdagar Pris inkl mva

| | |
|----------------------------|-------------------|
| <i>1-7 dagar</i> | <i>kr. 2030,-</i> |
| <i>8-10 dagar</i> | <i>kr. 1440,-</i> |
| <i>11 dagar eller meir</i> | <i>kr. 535,-</i> |

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 17.12.2015

Kommunestyret vedtek fylgjande betalingssatsar for meklarpakkar/eigedomsopplysningar gjeldande frå 01.01.2016:

Leveringstid – arbeidsdagar Pris inkl mva

| | |
|----------------------------|-------------------|
| <i>1-7 dagar</i> | <i>kr. 2030,-</i> |
| <i>8-10 dagar</i> | <i>kr. 1440,-</i> |
| <i>11 dagar eller meir</i> | <i>kr. 535,-</i> |

PS 150/15 Gebyr for vatn og kloakk 2016

Tilråding i formannskapet - 01.12.2015 til kommunestyret:

- 1. Gebyr for vatn vert auka med 5% i abonnementsgebyr og 5% i forbruksgebyr i høve satsane for 2015.*
- 2. Gebyr for avlaup for abonnementsgebyr vert uendra for hytte/fritidshus, bustad og for næringsseigedomar i høve satsane for 2015.*
- 3. Forbruksgebyr avlaup vert uendra i høve satsane for 2015.*
- 4. Tilleggsgebyr vassmålar dersom kommunen må på staden og lese av målar vert vidareført med sats 2015.*
- 5. Satsane for eingongsgebyr for tilknytning for vatn og avløp er uendra utover satsane for 2015.*
- 6. Kommunalt vatn- og avlaup skal driftast etter sjølvkostprinsippet.*
- 7. På grunn av oppbygde fond vert det berre kravd inn halvt årsgebyr for avlaup 2016.*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 17.12.2015

1. *Gebyr for vatn vert auka med 5% i abonnementsgebyr og 5% i forbruksgebyr i høve satsane for 2015.*
2. *Gebyr for avlaup for abonnementsgebyr vert uendra for hytte/fritidshus, bustad og for næringsseigedomar i høve satsane for 2015.*
3. *Forbruksgebyr avlaup vert uendra i høve satsane for 2015.*
4. *Tilleggsgebyr vassmålar dersom kommunen må på staden og lese av målar vert vidareført med sats 2015.*
5. *Satsane for eingongsgebyr for tilknytning for vatn og avløp er uendra utover satsane for 2015.*
6. *Kommunalt vatn- og avlaup skal driftast etter sjølvkostprinsippet.*
7. *På grunn av oppbygde fond vert det berre kravd inn halvt årsgebyr for avlaup 2016.*

PS 151/15 Endring av betalingssatsar for helse- og omsorgstenester

Tilråding i formannskapet - 01.12.2015 til kommunestyret:

Eigenbetaling for kommunale omsorgstenester for 2016 vert slik:

Praktisk bistand, herunder også brukarstyrt personleg assistanse:

| <i>G= 90.068,-</i> | <i>Inntektsgrunnlag</i> | <i>2015</i> | <i>2016, pr. mnd</i> |
|---|------------------------------|----------------|----------------------|
| <i><2G</i> | <i>Inntekt<180.136,-</i> | <i>186,-</i> | <i>186,-*</i> |
| <i>2 – 3G</i> | <i>180.137,- - 270.204,-</i> | <i>990,-</i> | <i>1.020,-</i> |
| <i>3 – 4G</i> | <i>270.205,- - 360.272,-</i> | <i>1.350,-</i> | <i>1.390,-</i> |
| <i>4 – 5G</i> | <i>360.273,- - 450.340,-</i> | <i>1.700,-</i> | <i>1.750,-</i> |
| <i>>5G</i> | <i>450.341,-></i> | <i>2.030,-</i> | <i>2.100,-</i> |
| <i>Timesats for enkelttimar, sjølvkostbeløp</i> | | <i>295,-</i> | <i>357,-</i> |

Sal av mat:

| | <i>Kommentar</i> | <i>2015</i> | <i>2016</i> |
|---|--|-------------|-------------|
| <i>Sal av middag på institusjon og bufellesskap</i> | <i>Summen av middag, frukost og kvelds set vi likt med statleg fastsett sum for korttidsopphald.</i> | <i>77</i> | <i>*</i> |
| <i>Sal av frukost i inst. og bufellesskap</i> | | <i>35</i> | <i>*</i> |
| <i>Sal av kveldsmat i inst. og bufellesskap</i> | | <i>35</i> | <i>*</i> |
| <i>Varm mat levert i privat heim</i> | | <i>86</i> | <i>92</i> |

| | | | |
|--------------------------------------|--------------------------------|-------|----|
| <i>Kald mat levert i privat heim</i> | | | 80 |
| <i>Fullkost pr. døgn</i> | | 147 | * |
| <i>Fullkost pr. mnd.</i> | <i>147*,- x 365 delt på 12</i> | 4.471 | * |

Tenester:

| | <i>Kommentar</i> | 2015 | 2016 |
|--|---|-------|-------|
| <i>Korttidsopphald på institusjon</i> | <i>Statleg fastsett døgnpris</i> | 147 | * |
| <i>Dagopphald på institusjon</i> | <i>Statleg fastsett</i> | 77 | * |
| <i>Nattopphald på institusjon</i> | <i>Statleg fastsett</i> | 77 | * |
| <i>Tryggleiksalarm pr. mnd.</i> | | 300 | 310 |
| <i>Alarmknapp i bufellesskap</i> | <i>Pr. mnd.</i> | 145 | 150 |
| <i>Leige av bodareal pr. mnd.</i> | <i>Inkl. i husleige for leigetakarar i bufellesskap</i> | 325 | 340 |
| <i>Overnatting for pårørande</i> | <i>Legelofet, Fjordsyn, døgnleige utan kost</i> | 260 | 270 |
| <i>Leige av treningssal</i> | <i>Eksterne personar/grupper, pr. time</i> | | 250 |
| <i>Leige av bibliotek ved kaffistova</i> | <i>Avstengt til lukka arrangement</i> | 500 | 500 |
| | <i>Til konfirmasjonar</i> | 1.200 | 1.240 |
| <i>Leige av kafeteria(kaffistova)</i> | | 1.300 | 1.340 |
| <i>Dagsenteret</i> | <i>Kveld og helg, inntil 3. timar</i> | 600 | 620 |
| | <i>Konfirmasjonar mm</i> | 1.300 | 1.340 |

Dagsenteret for eldre på omsorgssenteret:

| | | 2015 | 2016 |
|---|------------------------|------|------|
| <i>Tilbod på dagsenteret(tilbodet inkluderer **)</i> | <i>Kostnad pr. dag</i> | 215 | 225 |
| <i>**Dagtilbod med aktivisering og underhaldning</i> | | 60 | 62 |
| <i>**Transport</i> | | 63 | 65 |
| <i>**Middag og kaffemat</i> | | 92 | 98 |
| <i>Frukost kjem i tillegg for dei som ynskjer det</i> | | 35 | * |

Kurdøgnpris:

| <i>Utrekna etter statlege føringar</i> | | 2015 | 2016 |
|--|----------------------------|---------|---------|
| <i>Kurdøgnpris, kommunal kostnad pr. seng pr. natt</i> | <i>Ikkje betalingsatts</i> | 2.259,- | 2.311,- |

Hamna dagsenter:

| <i>Kva</i> | <i>Pris</i> | <i>Lengd</i> |
|---|-------------|--------------|
| <i>Ein skuletime, bruk av sanserom inkl. berøringsterapeut.</i> | 600,- | 45 min |
| <i>Ein skuletime, bruk av sanserom utan berøringsterapeut</i> | 300,- | 60 min |
| <i>Matpengar, lunsj og kaffe mm. Lik sum med frukost x 20/mnd</i> | 700,-* | 1 mnd |

*Alle satsar merka med stjerne vert anten fastsett i sentral forskrift eller vert påverka av den statleg fastsette satsen. Satsane som står i kolonne "2016" er vidareføring frå 2015, men vert endra så snart ny forskrift opplyser dei nye satsane.

Endringane for alle nye satsar er gjeldande frå 01.01.2016.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 17.12.2015

Eigenbetaling for kommunale omsorgstenester for 2016 vert slik:

Praktisk bistand, herunder også brukarstyrt personleg assistanse:

| G= 90.068,- | Inntektsgrunnlag | 2015 | 2016, pr. mnd |
|---|------------------------------|----------------|----------------------|
| <2G | Inntekt<180.136,- | 186,- | 186,-* |
| 2 – 3G | 180.137,- - 270.204,- | 990,- | 1.020,- |
| 3 – 4G | 270.205,- - 360.272,- | 1.350,- | 1.390,- |
| 4 – 5G | 360.273,- - 450.340,- | 1.700,- | 1.750,- |
| >5G | 450.341,-> | 2.030,- | 2.100,- |
| Timesats for enkelttimar, sjølvkostbeløp | | 295,- | 357,- |

Sal av mat:

| | Kommentar | 2015 | 2016 |
|---|--|--------------|-------------|
| Sal av middag på institusjon og bufellesskap | Summen av middag, frukost og kvelds set vi likt med statleg fastsett sum for korttidsopphald. | 77 | * |
| Sal av frukost i inst. og bufellesskap | | 35 | * |
| Sal av kveldsmat i inst. og bufellesskap | | 35 | * |
| Varm mat levert i privat heim | | 86 | 92 |
| Kald mat levert i privat heim | | | 80 |
| Fullkost pr. døgn | | 147 | * |
| Fullkost pr. mnd. | 147*,- x 365 delt på 12 | 4.471 | * |

Tenester:

| | Kommentar | 2015 | 2016 |
|---------------------------------------|----------------------------------|-------------|-------------|
| Korttidsopphald på institusjon | Statleg fastsett døgnpris | 147 | * |
| Dagopphald på institusjon | Statleg fastsett | 77 | * |
| Nattopphald på institusjon | Statleg fastsett | 77 | * |
| Tryggleiksalarm pr. mnd. | | 300 | 310 |

| | | | |
|--|---|--------------|--------------|
| <i>Alarmknapp i bufellesskap</i> | <i>Pr. mnd.</i> | <i>145</i> | <i>150</i> |
| <i>Leige av bodareal pr. mnd.</i> | <i>Inkl. i husleige for leigetakarar i bufellesskap</i> | <i>325</i> | <i>340</i> |
| <i>Overnatting for pårørande</i> | <i>Legeloftet, Fjordsyn, døgnleige utan kost</i> | <i>260</i> | <i>270</i> |
| <i>Leige av treningssal</i> | <i>Eksterne personar/grupper, pr. time</i> | | <i>250</i> |
| <i>Leige av bibliotek ved kaffistova</i> | <i>Avstengt til lukka arrangement</i> | <i>500</i> | <i>500</i> |
| | <i>Til konfirmasjonar</i> | <i>1.200</i> | <i>1.240</i> |
| <i>Leige av kafeteria(kaffistova)</i> | | <i>1.300</i> | <i>1.340</i> |
| <i>Dagsenteret</i> | <i>Kveld og helg, inntil 3. timar</i> | <i>600</i> | <i>620</i> |
| | <i>Konfirmasjonar mm</i> | <i>1.300</i> | <i>1.340</i> |

Dagsenteret for eldre på omsorgssenteret:

| | | | |
|---|------------------------|-------------|-------------|
| | | <i>2015</i> | <i>2016</i> |
| <i>Tilbod på dagsenteret(tilbodet inkluderer **)</i> | <i>Kostnad pr. dag</i> | <i>215</i> | <i>225</i> |
| <i>**Dagtilbod med aktivisering og underhaldning</i> | | <i>60</i> | <i>62</i> |
| <i>**Transport</i> | | <i>63</i> | <i>65</i> |
| <i>**Middag og kaffemat</i> | | <i>92</i> | <i>98</i> |
| <i>Frukost kjem i tillegg for dei som ynskjer det</i> | | <i>35</i> | <i>*</i> |

Kurdøgnpris:

| | | | |
|--|----------------------------|----------------|----------------|
| <i>Utrekna etter statlege føringar</i> | | <i>2015</i> | <i>2016</i> |
| <i>Kurdøgnpris, kommunal kostnad pr. seng pr. natt</i> | <i>Ikkje betalingssats</i> | <i>2.259,-</i> | <i>2.311,-</i> |

Hamna dagsenter:

| | | |
|---|---------------|---------------|
| <i>Kva</i> | <i>Pris</i> | <i>Lengd</i> |
| <i>Ein skuletime, bruk av sanserom inkl. berøringsterapeut.</i> | <i>600,-</i> | <i>45 min</i> |
| <i>Ein skuletime, bruk av sanserom utan berøringsterapeut</i> | <i>300,-</i> | <i>60 min</i> |
| <i>Matpengar, lunsj og kaffe mm. Lik sum med frukost x 20/mnd</i> | <i>700,-*</i> | <i>1 mnd</i> |

**Alle satsar merka med stjerne vert anten fastsett i sentral forskrift eller vert påverka av den statleg fastsette satsen. Satsane som står i kolonne "2016" er vidareføring frå 2015, men vert endra så snart ny forskrift opplyser dei nye satsane.*

Endringane for alle nye satsar er gjeldande frå 01.01.2016.

PS 154/15 Spørsmål knytt til funksjon som ordførar

Tilråding i formannskapet - 08.12.2015 til kommunestyret:

- 1. Arbeidsgruppa held fast ved praksis over fleire tiår med at ordførarombodet skal vere på fulltid. Godtgjersla skal tilsvare 50 % av løna som ein stortingsrepresentant har pr. år. Godtgjersla er medrekna møtehonorar. Ordførar vert ikkje innmeldt i pensjonsordninga.*
- 2. Godtgjersle for varaordførar skal samla sett vere 30% av årleg godtgjersle til ein stortingsrepresentant.*
- 3. Denne ordninga (pkt. 1-2) gjeld for perioden så lenge Jørgen Amdam er ordførar.*
- 4. Når det gjeld godtgjerslereglementet er politikargodtgjersla framleis rekna ut frå årleg godtgjersle til ein stortingsrepresentant.*
- 5. Innsparinga tilsvarande 30 % av full ordførargodtgjersle, skal setjast av til disposisjon for formannskapet i samband med handsaminga av budsjett og økonomiplan i kommunestyret.*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 17.12.2015

- 1. Arbeidsgruppa held fast ved praksis over fleire tiår med at ordførarombodet skal vere på fulltid. Godtgjersla skal tilsvare 50 % av løna som ein stortingsrepresentant har pr. år. Godtgjersla er medrekna møtehonorar. Ordførar vert ikkje innmeldt i pensjonsordninga.*
- 2. Godtgjersle for varaordførar skal samla sett vere 30% av årleg godtgjersle til ein stortingsrepresentant.*
- 3. Denne ordninga (pkt. 1-2) gjeld for perioden så lenge Jørgen Amdam er ordførar.*
- 4. Når det gjeld godtgjerslereglementet er politikargodtgjersla framleis rekna ut frå årleg godtgjersle til ein stortingsrepresentant.*
- 5. Innsparinga tilsvarande 30 % av full ordførargodtgjersle, skal setjast av til disposisjon for formannskapet i samband med handsaminga av budsjett og økonomiplan i kommunestyret.*

Tilråding i formannskapet - 01.12.2015 til kommunestyret:

1. *Skatt på inntekt og formue for 2016 skal skrivast ut i samsvar med maksimalsatsane som Stortinget vedtek.*
2. *Kommunestyret vedtek følgjande prinsipp for drifta i Volda kommune:*
 - *Fokus på kjerneoppgåvene*
 - *Standard som er god nok*
 - *Optimalisere ressursbruken*
 - *Smarte løysingar*
 - *Fokus på budsjettstyring*
3. *Kommunestyret syner til tidlegare vedtekne strategiar slik dei framgår av budsjett- og økonomiplandokumentet.*
4. *Overordna mål for Volda kommune vert vedtekne som det går fram av kapittel 3.1 i budsjettdokumentet.*
5. *Mål for sektorane/stabane vert som det går fram av kapittel 3.3 -3.11 i budsjettdokumentet.*
6. *Volda kommune si netto driftsramme i 2016 (fordelt til drift) vert vedteken som vist i budsjettskjema 1A.*
7. *Volda kommune si netto driftsramme 2017-2019 (fordelt til drift) vert vedteken som vist i budsjettskjema 1A.*
8. *Brutto og netto budsjettrammer for sektorane i 2016 vert vedtekne som vist i Budsjettskjema 1B, med dei tiltaka som framgår av budsjettdokumentet. Det vert vist til endringa i pkt. 26.*
9. *Brutto og netto budsjettrammer for sektorane i 2017-2019 vert vedtekne som vist i Budsjettskjema 1B, med tillegg av endringa i pkt. 26.*
10. *Investeringar i 2016 blir som vist i budsjettskjema 2B. Finansiering av investeringane blir vedteken som vist i budsjettskjema 2A, med tillegg av endringa i pkt. 27.*
11. *Det vert i 2016 gjort låneopptak på kr 212.757.650. 9 mill kr av dette beløpet er knytt til Startlån.*
12. *Investeringar i 2017-2019 blir som vist i budsjettskjema 2B. Finansiering av investeringane blir vedtekne som vist i budsjettskjema 2A .*
13. *Ubrukte løyvingar på investeringsbudsjettet for inneverande år (2015) vert overført til 2016.*
14. *Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomsskatt på all fast eigedom i heile kommunen i 2016, jamfør eigedomsskattelova § 2 og § 3 bokstav a).*

15. *Kommunestyret vel å nytte bustadverdier (formuesgrunnlag utarbeidd av Skatteetaten) som metode ved taksering av bustadeigedomar. Andre eigedomar vert verdsett ved taksering etter eigedomsskattelova § 8 A-2.*
16. *Skattesatsen i 2016 vert sett i medhald av eigedomsskattelova § 11 og § 13 til 2 %.*
17. *Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.*
18. *Eigedomsskatten skal betalast i 2 terminar.*
19. *Nye tiltak og saldering for budsjettåret 2016, vert vedtekne i samsvar med omtale i kapittel I i budsjettdokumentet.*
20. *Løyving frå kraftfondet vert vedteke i samsvar med omtale i kapittel 2.10 i budsjettdokumentet.*
21. *Volda kommune ønskjer, i samarbeid med næringslivet, å prioritere å utvikle Volda som destinasjon og løyver midlar til slikt prosjekt tilsv. kontingenten i destinasjon Ålesund og Sunnmøre. Ein held med det fast ved si utmelding i destinasjon Ålesund og Sunnmøre.*
22. *Kommunestyret ber rådmannen leggje fram sak om organisering av prosessar og mandat for å konkretisere frigjering av ressursar, slik det er skissert behov for i 2017 – 2019.*
23. *Satsane for drifstilskot til private ordinære barnehagar i 2016 vert som vist i tabell nr 2 i saksutgreinga.*
24. *Kommunen skal gi kapitaltilskot til private ordinære barnehagar per heiltidsplass ut i frå barnehagebygget sitt byggeår. Satsane for tilskotet vert fastsett av departementet.*
25. *Satsen for tilskot til private opne barnehagar i 2016 vert som vist i tabell nr 4 i saksutgreinga.*
26. *Stilling ved plankontoret med spesielt ansvar for klima- og miljøplanlegging blir oppretta frå 1.7. 2016 – meirkostnad 300.000 kr. 2016 og 300.000 kr. 2017. Dekning ved bruk av disposisjonsfondet.*
27. *Opsjonar Øyra nye skule – seter, akustikk og lyd, 1,6'' kr. i 2016/2017. Finansiert ved auka låneopptak.*
28. *Skulebakken opprusting, flytting av investering frå 2019 til 2016/17*
29. *Kommunestyret ber om at det blir gjenoppretta stilling som valdskoordinator i 20 % stilling.*

30. Kommunestyret ber om at kulturprisen blir gjenopprettet.

31. Kommunestyret vedtek at oversendingsframlegget frå driftsstyret og forvaltningsstyret vert sendt attende til formannskapet for vidare handsaming.

Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 18.11.2015. Innspel til årsbudsjett 2016

Driftstyret er uroa for arbeidsmiljøet i pleie og omsorg og er nøgd med at det er sett i gong ei arbeidsmiljøundersøking. Driftstyret vil oppmode om at det vert sett av ressursar til å gjennomføre tiltak for å løyse evt. problem som kjem fram av arbeidsmiljøundersøkinga.

Driftstyret oppmodar Volda kommune om å opprette fleire lærlingplassar. Dette er viktig i høve rekruttering av fagarbeidarar til alle tenesteområda i kommunen.

Driftstyret ber kommunestyret løyve kr. 20.000, til Ørsta-Volda ballettskule sine framsyningar våren og hausten 2016. Driftstyret ber formannskapet finne løyvingar til dette. Viser til punkt 2.10 i årsbudsjettet 2016, næringsutvikling.

Driftstyret ber administrasjonen fremme ei sak vedrørande tildeling av midlar frå kraftfond og næringsfond i løpet av 2016, i god tid før budsjetthandsaming.

Forvaltningsstyret: Oversending til administrasjonen:

Ber om at administrasjonen ved høve orienterer forvaltningsstyret om korleis klima og miljosaker vert ivaretekne og kven som har ansvaret for å følge opp arbeidet med klimaplanen

32. Kinosjefen har i notat av 31.10.2014 teke opp naudsynte investeringar som det etter hans syn må gjerast ved Volda Filmteater. Ajourført prisoverslag for den påpeika investeringa er innhenta - begge dei nemnde dokumenta følgjer som vedlegg. - Utanom dette har kinosjefen sagt opp stillinga p.gr.a. oppnådd pensjonsalder.

"Volda kommunestyre ber rådmannen leggje fram ei sak der det kan gjerast vedtak om korleis drift ved Volda Filmteater kan sikrast vidare."

33. a) Innføring av eigedomsskatt i Volda vart gjort gjennom vedtak i kommunestyret 29/8.2013, sak PS 112/13. I pkt 3 i dette vedtaket heiter det: "Ein føreset at det vert sett i verk tiltak i kommunen som bringer økonomien i balanse utan eigedomsskatt slik at eigedomsskatten vert søkt avvikla i år 2019."

Det er Volda kommunestyre sin intensjon at økonomistyringa i kommunen vert slik som føresett i nemnde vedtak.

b) Volda kommunestyre ser det slik at innkome frå eigedomsskatt bør nyttast til

investeringstiltak som kommunen ellers ikkje hadde funne plass til, om ein ikkje hadde denne skatten.

- 34. Kommunestyret ber administrasjonen vurdere om bustadkoordinatorstillinga kan aukast til 80 % innanfor ramma til helse- og omsorgssektoren.*
 - 35. Administrasjonen skal utgreie konsekvensane av innføring av inntektsavhengig betaling i Kulturskulen, etter mønster av foreldrebetalinga i barnehagane.*
 - 36. Administrasjonen skal utgreie konsekvensane av innføring av inntektsavhengig betaling i skulefritidsordninga, etter mønster av foreldrebetalinga i barnehagane.*
 - 37. Administrasjonen skal innan 1.6.2016 legge fram ei sak med framlegg til tiltak for å betre resultatane i basisfaga, norsk, matematikk og engelsk på ungdomsskuletrinnet.*
 - 38. Volda kommune kjøper ikkje ny veghøvel. Men jobbar med og få til ein avtale med Ørsta kommune om leige.
Kan ikkje sjå behovet for at Volda og Ørsta kommune skal ha 2 av desse maskinene.
Om det ikkje lykkast og komme til ein avtale kan det vurderast på eit seinere budsjett.*
 - 39. Kommunestyret ber rådmannen sjå på styrking av lærartettleik i 1-4 kl. Dette er det auka løyvingar til frå Stortinget i 2016. Dette med tanke på tidleg innsats i skulen.*
 - 40. Driftsavtale ved Aarflot fysioterapitenesta vert utvida frå 150% til 300% ved ei gradvis opptrapping (med 50% pr år) over 3 år frå og med 01.07.16. Kostnaden kr 198 000 i 2016 vert dekt ved at styrking av kommunalt fysioterapitilbod vert teke ut. Heilsårverknad av tiltaket vert dekt innanfor ramma til helse- og omsorgssektoren frå og med 2017.*
- Ei ytterligere utviding av fysioterapitilbodet skal skje ved oppretting av kommunale stillingar.*

Handsaming:

Det vart halde loddtrekning over rekkefølge for partia sine hovudinnlegg. Kvart parti fekk tildelt 5 min. taletid til første innlegg. Deretter innlegg på 3 min.

Rebecca Riise Bjerknes, SP, kom med fylgjande verbalframlegg som nytt punkt:
Volda kommune ønskjer fleire lærlingplassar i Volda kommune, då dette er viktig i høve rekruttering av fagarbeidarar til alle tenesteområda i kommunen. Kommunestyret ber administrasjonen førebu sak om lærlingplassar til kommunestyret i forkant av revidert budsjett.

Dan Helge Bjørneset, H, kom med fylgjande framlegg:

Viser til innsending frå Vikebygda grendalag og fremjar med dette denne omprioriteringa.

| <i>Investeringsbudsjett</i> | <i>Budsjett 2016</i> | <i>Budsjett 2017</i> | <i>Budsjett 2018</i> | <i>Budsjett 2019</i> |
|--|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|
| <i>Botnavegen</i> | <i>3.500.000</i> | <i>1.500.000</i> | | |
| <i>Fast dekke komm. areal/vegar finansiert drift</i> | <i>1.500.000</i> | <i>7.000.000</i> | <i>3.300.000</i> | |

Åshild Vik, SV, kom med fylgjande verbalframlegg:

Kommunestyret bed administrasjonen legge fram ei sak om nye lokale for ungdomsklubben.

Det vart halde gruppemøte.

Ivar-Otto Kristiansen kom med fylgjande framlegg som alternativ til pkt. 26:

Utsette vedtak på stillingen til man har et definert innhold og hvilke funksjon. Krav til søkers kvalifikasjoner. Sikre samarbeid i regionen også med tanke på sykehusets akuttfunksjoner. Kortere transport i klima og Åkernesrenna. Viktighet med tanke på å sikre trygge arbeidsplasser og nye i regionen.

Ordføreren kom med fylgjande tilleggsframlegg til investeringsbudsjettet:

Forprosjekt

Kommunestyret vil arbeide vidare med å realisere Torvmyrvegen i samarbeid med Ørsta kommune og set av kr. 250.000 til føremålet.

Dan Bjørneset, H, kom med fylgjande felles framlegg på vegne av H, FRP og KRF som alternativ til pkt. 21:

Volda kommune ynskjer, i samarbeid med næringslivet, å prioritere å utvikle Volda som destinasjon og løyver midlar til eit slikt prosjekt tilsvarande kontigenten til DÅS. Som del av dette prosjektet skal eventuell framhalden medlemskap i DÅS vurderast som alternativt verkemiddel og strategi

Vidare kom Dan Bjørneset, H, med fylgjande felles framlegg på vegne av H, FRP og KRF:

Kommunestyret ber om at det i planperioden vert prioritert løyvt ytterlegare midlar til sentrumsutvikling sett i høve til posten for fast vegdekke.

Erlend Krumsvik, KRF, kom med eit felles framlegg på vegne av KRF, H og FRP til pkt. 7, 8 og 9. Framlegget ligg som vedlegg til protokollen.

Vidare kom Erlend Krumsvik med fylgjande felles framlegg på vegne av KRF, H og FRP:
Eigedomsskatten blir halde uendra på 2 promille gjennom heile økonomiplanperioda 2017-2019, men ein skal ta ei ny vurdering av denne for budsjettprosessen 2017.

Gunnar Strøm, SV, kom med fylgjande verbalframlegg:

Kommunestyret ber administrasjonen sørge for at det viktige arbeidet biblioteket gjer for både nye og gamle Voldingar blir styrka når ein skal disponere dei ekstra statlege overføringane for auka tal på flyktningar/asylsøkarar.

Ordføraren kom med fylgjande tilleggsframlegg til framlegget om Torvmyrvegen:
Finansiering ved ubudne investeringsfond

Erlend Koppen fekk permisjon og gjekk, og det var såleis 26 røysteføre til stades i framhald av møtet.

Det vart halde gruppemøte.

Erlend Krumsvik kom med fylgjande utsettingsframlegg på vegne av KRF, H, FRP:
Budsjettsaka blir sendt tilbake til administrasjonen, for å utarbeide eit budsjett 2016 og økonomiplan 2017-2019 med forutsetning om eigedomsskatt på 2%

Røysting av utsettingsframlegget:

Framlegget frå Erlend Krumsvik fekk 12 røyster og fall. 14 røysta mot.

Erlend Krumsvik trekte dei to framlegga på vegne av KRF, H, og FRP.

Hild Våge, AP, kom med fylgjande framlegg:

Nettoeffekt som følge av endring av godtgjersle for ordførar og varaordførar (jfr K- sak 154/15) på kr. 455 000,- vert avsett til disposisjon for formannskapet.

Ordføraren kom med fylgjande endringsframlegg til pkt. 27:

Stryke ordet "seter"

Punktvis røysting:

Pkt. 1 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 2 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 3 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 4 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 5 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 6 i tilrådinga frå formannskapet fekk 25 røyster og vart vedteke. 1 røysta mot.

Pkt. 7 i tilrådinga frå formannskapet fekk 14 røyster og vart vedteke. 12 røysta mot.

Pkt. 8 i tilrådinga frå formannskapet fekk 14 røyster og vart vedteke. 12 røysta mot.

Pkt. 9 i tilrådinga frå formannskapet fekk 14 røyster og vart vedteke. 12 røysta mot.

Pkt. 10 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 11 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 12 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 13 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 14 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 15 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 16 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 17 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 18 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 19 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 20 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Ved alternativ røysting mellom pkt. 21 i tilrådinga formannskapet og Dan Bjørneset sitt framlegg, fekk Bjørneset sitt framlegg 26 røyster og vart vedteke. Formannskapet si tilråding til pkt. 21 fekk 0 røyster og fall.

Pkt. 22 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 23 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 24 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 25 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Utsettingsframlegget frå Ivar-Otto Kristiansen vedk. pkt. 26 fekk 12 røyster og fall. 14 røysta mot.

Pkt. 26 i tilrådinga frå formannskapet fekk 15 røyster og vart vedteke. 11 røysta mot.

Ved alternativ røysting mellom pkt. 27 i tilrådinga frå formannskapet og tilrådinga med endringsframlegget frå ordføraren, fekk tilrådinga med endringsframlegget frå ordførar 26 røyster og vart vedteke. Pkt. 27 utan endring fekk 0 røyster og fall.

Pkt. 28 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 29 i tilrådinga frå formannskapet fekk 23 røyster og vart vedteke. 3 røysta mot.

Pkt. 30 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 31 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Rebecca Riise Bjercknes som nytt pkt. 32 vedk. lærlingstillingar vart samrøystes vedteke.

Pkt. 32 i tilrådinga frå formannskapet, heretter kalla pkt. 33, vart samrøystes vedteke.

Pkt. 33 i tilrådinga frå formannskapet, heretter kalla pkt. 34, vart samrøystes vedteke.

Pkt. 34 i tilrådinga frå formannskapet, heretter kalla pkt. 35, vart samrøystes vedteke.

Pkt. 35 i tilrådinga frå formannskapet, heretter kalla pkt. 36, vart samrøystes vedteke.

Pkt. 36 i tilrådinga frå formannskapet, heretter kalla pkt. 37, vart samrøystes vedteke.

Pkt. 37 i tilrådinga frå formannskapet, heretter kalla pkt. 38, vart samrøystes vedteke.

Pkt. 38 i tilrådinga frå formannskapet, heretter kalla pkt. 39, vart samrøystes vedteke.

Pkt. 39 i tilrådinga frå formannskapet, heretter kalla pkt. 40, vart samrøystes vedteke.

Pkt. 40 i tilrådinga frå formannskapet, heretter kalla pkt. 41, vart samrøystes vedteke.

Nytt pkt. 42 - framlegget frå Dan Bjørneset vedk. Botnavegen, vart samrøystes vedteke.

Nytt pkt. 43 - framlegget frå Åshild Vik vedk. ungdomsklubben, vart samrøystes vedteke.

Nytt pkt. 44 - framlegget frå ordføraren med tillegget vedk. Torvmyrvegen, vart samrøystes vedteke.

Nytt pkt. 45 - framlegget frå Hild Våge vedk. endring av godtgjersle, vart samrøystes vedteke.

Nytt pkt. 46 - framlegget frå Gunnar Strøm vedk. biblioteket, vart samrøystes vedteke.

Nytt pkt. 47 - framlegget frå Dan Bjørneset vedk. sentrumsutvikling/fast dekke, vart samrøystes vedteke.

Til slutt vart det røysta over det samla budsjettet. Det fekk 14 røyster og vart vedteke. 12 røysta mot.

Vedtak i Kommunestyret - 17.12.2015

- 1. *Skatt på inntekt og formue for 2016 skal skrivast ut i samsvar med maksimalsatsane som Stortinget vedtek.***
- 2. *Kommunestyret vedtek følgjande prinsipp for drifta i Volda kommune:***
 - *Fokus på kjerneoppgåvene*
 - *Standard som er god nok*
 - *Optimalisere ressursbruken*
 - *Smarte løysingar*
 - *Fokus på budsjettstyring*
- 3. *Kommunestyret syner til tidlegare vedtekne strategiar slik dei framgår av budsjett- og økonomiplandokumentet.***
- 4. *Overordna mål for Volda kommune vert vedtekne som det går fram av kapittel 3.1 i budsjettdokumentet.***
- 5. *Mål for sektorane/stabane vert som det går fram av kapittel 3.3 -3.11 i budsjettdokumentet.***
- 6. *Volda kommune si netto driftsramme i 2016 (fordelt til drift) vert vedteken som vist i budsjettskjema 1A.***

7. *Volda kommune si netto driftsramme 2017-2019 (fordelt til drift) vert vedteken som vist i budsjettskjema 1A.*
8. *Brutto og netto budsjetttrammer for sektorane i 2016 vert vedtekne som vist i Budsjettskjema 1B, med dei tiltaka som framgår av budsjettdokumentet. Det vert vist til endringa i pkt. 26.*
9. *Brutto og netto budsjetttrammer for sektorane i 2017-2019 vert vedtekne som vist i Budsjettskjema 1B, med tillegg av endringa i pkt. 26.*
10. *Investeringar i 2016 blir som vist i budsjettskjema 2B. Finansiering av investeringane blir vedteken som vist i budsjettskjema 2A, med tillegg av endringa i pkt. 27.*
11. *Det vert i 2016 gjort låneopptak på kr 212.757.650. 9 mill kr av dette beløpet er knytt til Startlån.*
12. *Investeringar i 2017-2019 blir som vist i budsjettskjema 2B. Finansiering av investeringane blir vedtekne som vist i budsjettskjema 2A .*
13. *Ubrukte løyvingar på investeringsbudsjettet for inneverande år (2015) vert overført til 2016.*
14. *Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomsskatt på all fast eigedom i heile kommunen i 2016, jamfør eigedomsskattelova § 2 og § 3 bokstav a).*
15. *Kommunestyret vel å nytte bustadverdier (formuesgrunnlag utarbeidd av Skatteetaten) som metode ved taksering av bustadeigedomar. Andre eigedomar vert verdsett ved taksering etter eigedomsskattelova § 8 A-2.*
16. *Skattesatsen i 2016 vert sett i medhald av eigedomsskattelova § 11 og § 13 til 2 %.*
17. *Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.*
18. *Eigedomsskatten skal betalast i 2 terminar.*
19. *Nye tiltak og saldering for budsjettåret 2016, vert vedtekne i samsvar med omtale i kapittelii budsjettdokumentet.*
20. *Løyving frå kraftfondet vert vedteke i samsvar med omtale i kapittel 2.10 i budsjettdokumentet.*
21. *Volda kommune ynskjer, i samarbeid med næringslivet, å prioritere å utvikle Volda som destinasjon og løyver midlar til eit slikt prosjekt tilsvarande kontigenten til DÅS. Som del av dette prosjektet skal eventuell framhalden medlemskap i DÅS vurderast som alternativt verkemiddel og strategi.*

22. *Kommunestyret ber rådmannen leggje fram sak om organisering av prosessar og mandat for å konkretisere frigjering av ressursar, slik det er skissert behov for i 2017 – 2019.*
23. *Satsane for driftstilskot til private ordinære barnehagar i 2016 vert som vist i tabell nr 2 i saksutgreiinga.*
24. *Kommunen skal gi kapitaltilskot til private ordinære barnehagar per heiltidsplass ut i frå barnehagebygget sitt byggeår. Satsane for tilskotet vert fastsett av departementet.*
25. *Satsen for tilskot til private opne barnehagar i 2016 vert som vist i tabell nr 4 i saksutgreiinga.*
26. *Stilling ved plankontoret med spesielt ansvar for klima- og miljøplanlegging blir oppretta frå 1.7. 2016 – meirkostnad 300.000 kr. 2016 og 300.000 kr. 2017. Dekning ved bruk av disposisjonsfondet.*
27. *Opsjonar Øyra nye skule – akustikk og lyd, 1,6” kr. i 2016/2017. Finansiert ved auka låneopptak.*
28. *Skulebakken opprusting, flytting av investering frå 2019 til 2016/17*
29. *Kommunestyret ber om at det blir gjenoppretta stilling som valdskoordinator i 20 % stilling.*
30. *Kommunestyret ber om at kulturprisen blir gjenoppretta.*
31. *Kommunestyret vedtek at oversendingsframlegget frå driftsstyret og forvaltningsstyret vert sendt attende til formannskapet for vidare handsaming.*

Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 18.11.2015. Innspel til årsbudsjett 2016

Driftstyret er uroa for arbeidsmiljøet i pleie og omsorg og er nøgd med at det er sett i gong ei arbeidsmiljøundersøking. Driftstyret vil oppmode om at det vert sett av ressursar til å gjennomføre tiltak for å løyse evt. problem som kjem fram av arbeidsmiljøundersøkinga.

Driftstyret oppmodar Volda kommune om å opprette fleire lærlingplassar. Dette er viktig i høve rekruttering av fagarbeidarar til alle tenesteområda i kommuna.

Driftstyret ber kommunestyret løyve kr. 20.000, til Ørsta-Volda ballettskule sine framsyningar våren og hausten 2016. Driftstyret ber formannskapet finne løyvingar til dette. Viser til punkt 2.10 i årsbudsjettet 2016, næringsutvikling.

Driftstyret ber administrasjonen fremme ei sak vedrørende tildeling av midlar frå kraftfond og næringsfond i løpet av 2016, i god tid før budsjetthandsaming.

Forvaltningsstyret: Oversending til administrasjonen:

Ber om at administrasjonen ved høve orienterer forvaltningsstyret om korleis klima og miljosaker vert ivaretekne og kven som har ansvaret for å følge opp arbeidet med klimaplanen

32. Volda kommune ønskjer fleire lærlingplassar i Volda kommune, då dette er viktig i høve rekruttering av fagarbeidarar til alle tenesteområda i kommunen.

Kommunestyret ber administrasjonen førebu sak om lærlingplassar til kommunestyret i forkant av revidert budsjett.

33. Kinosjefen har i notat av 31.10.2014 teke opp naudsynte investeringar som det etter hans syn må gjerast ved Volda Filmteater. Ajourført prisoverslag for den påpeika investeringa er innhenta - begge dei nemnde dokumenta følgjer som vedlegg. - Utanom dette har kinosjefen sagt opp stillinga p.gr.a. oppnådd pensjonsalder.

"Volda kommunestyre ber rådmannen leggje fram ei sak der det kan gjerast vedtak om korleis drift ved Volda Filmteater kan sikrast vidare."

34. a) Innføring av eigedomsskatt i Volda vart gjort gjennom vedtak i kommunestyret 29/8.2013, sak PS 112/13. I pkt 3 i dette vedtaket heiter det: "Ein føreset at det vert sett i verk tiltak i kommunen som bringer økonomien i balanse utan eigedomsskatt slik at eigedomsskatten vert søkt avvikla i år 2019."

Det er Volda kommunestyre sin intensjon at økonomistyringa i kommunen vert slik som føresett i nemnde vedtak.

b) Volda kommunestyre ser det slik at innkome frå eigedomsskatt bør nyttast til investeringstiltak som kommunen ellers ikkje hadde funne plass til, om ein ikkje hadde denne skatten.

35. Kommunestyret ber administrasjonen vurdere om bustadkoordinatorstillinga kan aukast til 80 % innanfor ramma til helse- og omsorgssektoren.

36. Administrasjonen skal utgreie konsekvensane av innføring av inntektsavhengig betaling i Kulturskulen, etter mønster av foreldrebetalinga i barnehagane.

37. Administrasjonen skal utgreie konsekvensane av innføring av inntektsavhengig betaling i skulefritidsordninga, etter mønster av foreldrebetalinga i barnehagane.

38. Administrasjonen skal innan 1.6.2016 legge fram ei sak med framlegg til tiltak for å betre resultata i basisfaga, norsk, matematikk og engelsk på ungdomsskuletrinnet.

39 *Volda kommune kjøper ikkje ny veghøvel. Men jobbar med og få til ein avtale med Ørsta kommune om leige.*

Kan ikkje sjå behovet for at Volda og Ørsta kommune skal ha 2 av desse maskinene. Om det ikkje lykkast og komme til ein avtale kan det vurderast på eit seinere budsjett.

40. *Kommunestyret ber rådmannen sjå på styrking av lærartettleik i 1-4 kl. Dette er det auka løyvingar til frå Stortinget i 2016. Dette med tanke på tidleg innsats i skulen.*

41. *Driftsavtale ved Aarflot fysioterapitenesta vert utvida frå 150% til 300% ved ei gradvis opptrapping (med 50% pr år) over 3 år frå og med 01.07.16. Kostnaden kr 198 000 i 2016 vert dekt ved at styrking av kommunalt fysioterapitilbod vert teke ut. Heilsårverknad av tiltaket vert dekt innanfor ramma til helse- og omsorgssektoren frå og med 2017.*

Ei ytterligere utviding av fysioterapitilbodet skal skje ved oppretting av kommunale stillingar.

42. *Investeringsbudsjett Budsjett 2016 Budsjett 2017 Budsjett 2018 Budsjett 2019*

| | | | | |
|-------------------------------------|------------------|------------------|------------------|--|
| <i>Botnavegen</i> | <i>3.500.000</i> | <i>1.500.000</i> | | |
| <i>Fast dekke komm.</i> | <i>1.500.000</i> | <i>7.000.000</i> | <i>3.300.000</i> | |
| <i>areal/vegar finansiert drift</i> | | | | |

43. *Kommunestyret bed administrasjonen legge fram ei sak om nye lokale for ungdomsklubben.*

44. *Forprosjekt*

Kommunestyret vil arbeide vidare med å realisere Torvmyrvegen i samarbeid med Ørsta kommune og set av kr. 250.000 til føremålet.

Finansiering ved ubudne investeringsfond

45. *Nettoeffekt som følge av endring av godtgjersle for ordførar og varaordførar (jfr K-sak 154/ 15) på kr. 455 000,- vert avsett til disposisjon for formannskapet.*

46. *Kommunestyret ber administrasjonen sørge for at det viktige arbeidet biblioteket gjer for både nye og gamle Voldingar blir styrka når ein skal disponere dei ekstra statlege overføringane for auka tal på flyktningar/asylsøkarar.*

47. *Kommunestyret ber om at det i planperioden vert prioritert løyvt ytterlegare midlar til sentrumsutvikling sett i høve til posten for fast vegdekke.*

PS 153/15 Voldsfjordskryssing - bruselskap

Formannskapet si tilråding 08.12.2015 til kommunestyret:

Det vert avsett aksjekapital kr 300.000 til planlagt etablering av selskapet Voldsfjordkryssing. Dekning ved bruk av ubunde disposisjonsfond.

Kommunestyret tek endeleg stilling til stiftinga av selskap og formål mv i eiga sak på grunnlag av samla vurdering og saksutgreiing frå administrasjonen.

Handsaming:

Roald Espset, FRP, kom med fylgjande alternativt framlegg:

Voldsfjordkryssing AS

1. Etablering av selskapet Voldsfjordkryssing AS

Volda kommunestyre vedtek straks å etablere selskapet Voldsfjordkryssing AS.

2. Det vert løyvt kr. 300.000,- som kommunens aksjekapital i selskapet (dekning for løyvinga vert å hente frå ubunde fond).

3. Det vert oppnemnt eit «interimsstyre» for selskapet beståande av følgjande 3 personar:

-*
-*
-*

4. Etter at etableringa av selskapet formelt er ordna, skal det straks gjerast ein emisjon retta mot andre kommunar/fylkeskommunar, næringsliv og befolkning. Denne emisjonen skal vere gjennomført i løpet av 1. kvartal 2016. Når emisjonen er gjennomført skal det innkallast til generalforsamling som så m.a. vel endeleg styre for selskapet.

5. Vedtekter for Voldsfjordkryssing AS

§1 Selskapet sitt namn er Voldsfjordkryssing AS.

§2 Selskapet si forretningsadresse skal vere Volda kommune.

§3 Selskapet sitt hovedføremål:

- a) Erstatte ferja Volda-Folkestad – med brusamband over Voldsfjorden - finansiert primært med ferjeavløysingsmidlar samt bompengar*
- b) Erstatte ferjesambandet Volda-Lauvstad – med brusamband over Dalsfjorden - finansiert primært med ferjeavløysingsmidlar samt bompengar*

- c) *Vere pådrivar for etablering av tunnel-samband mellom vestsida av Dalsfjorden og Vanylven.*
- §4 *Selskapet sin aksjekapital er kr. 500.000,- delt på aksjar pålydande kr. 1.000,-*
- §5 *Selskapet sitt styre skal ha 3 – 7 medlemmer alt etter generalforsamlinga si nærare avgjerd. Styret blir valt for 2 år. Styret sin leiar blir vald av generalforsamlinga.*
- §6 *Selskapet vert teikna av formannen i styret. Eit samla styre kan gi prokura.*
- §7 *Ordinær generalforsamling vert halde kvart år innan utgangen av juni månad i samsvar med aksjelova. Innkalling og dagsorden til generalforsamlinga vert sendt aksjonærane med minst 2-to-vekers varsel.*

Ekstraordinær generalforsamling vert halden i samsvar med reglane i aksjelova.

I generalforsamlinga skal handsamast:

- 1. Fastsetjing av resultatregnskap og balanse*
- 2. Bruk av overskot eller dekning av underskot i høve til den fastsette balansen*
- 3. Val av styre*
- 4. Andre saker som etter lov høyrer under generalforsamlinga.*

§8 *Overdraging av aksjar skal meldast og godkjennast av styret*

§9 *Det vert ellers vist til den til ei kvar tid gjeldande aksjelovgivning*

Røysting:

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå Roald Espset, fekk tilrådinga frå formannskapet 14 røyster og vart vedteke. Framlegget frå Espset fekk 12 røyster og fall.

Vedtak i Kommunestyret - 17.12.2015

Det vert avsett aksjekapital kr 300.000 til planlagt etablering av selskapet Voldsfjordkryssing. Dekning ved bruk av ubunde disposisjonsfond.

Kommunestyret tek endeleg stilling til stiftinga av selskap og formål mv i eiga sak på grunnlag av samla vurdering og saksutgreiing frå administrasjonen.

PS 155/15 Møteplan for politiske møte 2016

Tilråding i formannskapet - 08.12.2015 til kommunestyret:

Følgjande møteplan for 2016 for formannskapet og kommunestyret vert godkjent:

| | <i>FORMANNSKAPET</i> | <i>KOMMUNESTYRET</i> |
|------------------|----------------------------|------------------------------------|
| <i>JANUAR</i> | <i>19.</i> | <i>20., 21. og 28.</i> |
| <i>FEBRUAR</i> | <i>9. og 23.</i> | <i>25.</i> |
| <i>MARS</i> | <i>1. og 15.</i> | <i>31.</i> |
| <i>APRIL</i> | <i>5. og 19.</i> | <i>28.</i> |
| <i>MAI</i> | <i>3., 10. og 31.</i> | <i>26.</i> |
| <i>JUNI</i> | <i>7. og 21.</i> | <i>16.</i> |
| <i>JULI</i> | | |
| <i>AUGUST</i> | <i>16.</i> | <i>25.</i> |
| <i>SEPTEMBER</i> | <i>6. og 20.</i> | <i>29.</i> |
| <i>OKTOBER</i> | <i>4. og 18.</i> | <i>25.</i> |
| <i>NOVEMBER</i> | <i>1., 15., 22. og 29.</i> | <i>10. (pres. budsjett) og 24.</i> |
| <i>DESEMBER</i> | <i>13.</i> | <i>15.</i> |

Formannskapet startar møta sine kl. 12:00 og kommunestyret kl. 14:00.

Handsaming:

Rebecca Riise Bjerknes, SP, kom med fylgjande oversendingsframlegg til formannskapet:

Formannskapet og kommunestyret startar møta sine klokka 12.00. Budsjettmøte i kommunestyret 15. desember startar klokka 10.00

Frå 2017 skal det så langt som råd ikkje leggest politiske møter i skuleferiane.

Utvala får møteplanen til handsaming i forkant av endeleg vedtak i kommunestyret.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Oversendingsframlegget frå Rebecca Riise Bjerknes vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 17.12.2015

Følgjande møteplan for 2016 for formannskapet og kommunestyret vert godkjent:

| | FORMANNSKAPET | KOMMUNESTYRET |
|-----------|---------------------|-----------------------------|
| JANUAR | 19. | 20., 21. og 28. |
| FEBRUAR | 9. og 23. | 25. |
| MARS | 1. og 15. | 31. |
| APRIL | 5. og 19. | 28. |
| MAI | 3., 10. og 31. | 26. |
| JUNI | 7. og 21. | 16. |
| JULI | | |
| AUGUST | 16. | 25. |
| SEPTEMBER | 6. og 20. | 29. |
| OKTOBER | 4. og 18. | 25. |
| NOVEMBER | 1., 15., 22. og 29. | 10. (pres. budsjett) og 24. |
| DESEMBER | 13. | 15. |

Formannskapet startar møta sine kl. 12:00 og kommunestyret kl. 14:00.

Oversending til formannskapet:

Formannskapet og kommunestyret startar møta sine klokka 12.00. Budsjettmøte i kommunestyret 15. desember startar klokka 10.00

Frå 2017 skal det så langt som råd ikkje leggjast politiske møter i skuleferiane.

Utvala får møteplanen til handsaming i forkant av endeleg vedtak i kommunestyret.

PS 156/15 Orienteringssaker

Handsaming:

Røysting:

Ingen hadde noko å merke til OS-sak 41/15

Kommunestyret gjer fylgjande vedtak i OS-sak 42/15:

Klagenemnd for eigedomsskatt - endringar i samansetjing

Milan Ilic som fast medlem i staden for Bjørn Ytrestøyl

Per Kåre Nettet som varamedlem i staden for Milan Ilic

Ingen hadde noko å merke til OS-sak 43/15

PS 157/15 Delegerte saker frå avdelinganeHandsaming:

Røysting:

Ingen hadde noko å merke til dei delegerte sakene frå avdelingane.

Møtet slutt kl. 19:55

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
19. desember 2015

Unni Strand
sekr.